

Utfylling i sjø utan problem ved Sandakaaien

11.05.2007

Ivar Gundersen har fått løyve til å foreta ei utfylling i sjø ved Sandakaaien. I 2005 ga Kystverket løyve til ei utfylling på 8 x 7 meter, men den er ikkje foreteke. Gundersen ynskjer nå å gjennomføra ei større utfylling på same staden.

Utfyllinga blir på 12 x 10 meter med ein pir på 3 x 1 meter ut frå det ytterste hjørnet på fyllingen. Fordi det er svært langgrunt i området er Gundersen og naboen einige om at dette er den beste løysinga.

Kystverket anser ikkje at den utvida fyllingen blir til hinder for ferdsla.

Viss arbeidet ikkje er igangsett innan tre år eller blir innstilt i meir enn to år fell løyvet bort.